

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 22.11.23

Stad: Fjordsenteret

Sak 28/23. Ny 420 kV-leidning gjennom Aurland nordre statsallmenning -  
erstatningsspørsmål

### **Saksopplysning/vurdering**

Den nye kraftlinna som er under bygging mellom Vassbygdi og Sogndal utløyser krav om erstatning for bandlagd grunn til grunneigarar og bruksrettshavarar. Erstatning kan anten fastsetjast gjennom rettsleg skjønn, som er signalisert kan haldast i 2024/25, eller ved at utbyggjar inngår minnelege avtalar med dei det gjeld. For å vareta interessene til dei som saka vedkjem, er det oppnemnt advokatfirma. Fjellstyret vedtok i sak 27/21 å nytta advokatfirmaet Harris, og mottok i juli 2021 stadfesting av oppdragsavtale. Ansvarleg advokat er Kathrine Lien Mjell, med advokatfullmektig Tore Haraldsen som den som vil handsama saka for firmaet. Fjellstyret er kjent med at ein del grunneigarar i haust har motteke tilbod om erstatningsavtale. Det same gjeld Statskog SF, i følgje munnlege opplysningsar me har fått. Det har så langt ikkje kome noko erstatningstilbod frå Statnett til fjellstyret. Eg har difor sendt denne meldinga til sakshandsamaren i Statnett:

*Aurland fjellstyre er kjent med at ein del private grunneigarar og sameiger har fått tilsendt forslag til minnelege avtalar om erstatning for grunn som vert teken i bruk i samband med bygginga av den nye kraftlinna mellom Aurland og Sogndal. Fjellstyret er, ut frå § 3 i Fjelloya, ansvarleg for ivaretaking av bruksrettane for Aurland nordre statsallmenning (gnr 57, bnr 2), og er såleis part i saka som gjeld erstatning. På statsallmenning er det slik at heimelen er delt; Statskog har grunneigarretten medan fjellstyret har bruksrettane. Fjellstyret har så langt ikkje motteke noko tilbod om erstatning, så vidt eg har registrert. Me ber difor om å få ei orientering om korleis denne saka står. Kopi av denne e-posten vert sendt fjellstyreleiar Erling Nesbø.*

I samband med ei liknande sak i Finndalen statsallmenning i Vågå i 2003-04, fekk Finndalen fjellstyre, gjennom Norges fjellstypesamband, laga ei juridisk vurdering frå advokat Tor Gresseth i firmaet Bjerknes Wahl-Larsen. Denne går i hovudsak ut på å vurdera kva som er rimeleg fordeling mellom Statskog og fjellstyret, av den erstatninga linjebyggjaren tilbaud. Prinsippa som vert påpeikte i dette dokumentet kan overførast til saka som gjeld kraftlinna gjennom Aurland nordre statsallmenning, med den forskjellen at lina i Finndalen gjekk gjennom skog, og at allmenningsstyret difor var involvert.

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 22.11.23

Stad: Fjordsenteret

*Sak 28/23, side 2.*

Nokre viktige hovudkonklusjonar frå utgreiinga til Tor Gresseth:

- Statskog har grunneigarretten og fjellstyret bruksrettane i statsallmenningen.
- I statsallmenning er det oftast slik at bruksrettane har høgare verdi enn grunnrettane.
- To alternative måtar å sjå på fordeling av erstatningssummen: Alt. 1) Begge partar, både fjellstyret og Statskog, dokumenterer sannsynleg økonomisk tap som følgje av kraftlinebygginga, og etter at dette tapet er dekt vert det som eventuelt overstig dokumentert tap fordelt etter same høvestal. Alt 2) Statskog og fjellstyret skjer gjennom og deler erstatningssummen 50/50.

Sidan heile området som kraftlina går gjennom innan Aurland nordre statsallmenning er verna som landskapsvernområde, kan ein vanskeleg sjå føre seg noka framtidig utnytting (tomtesal, mineralutvinning eller anna) som kunne ha gjeve grunneigar Statskog inntekter. Derimot er det brukarinteresser som heilt klårt vil kunna vera skadelidande (jakt, beiting), og som vernet ikkje har lagt restriksjonar på. Dette er noko som bør styrka fjellstyret si stilling m.o.t. fordeling av erstatningssummen.

### Framlegg til vedtak:

Fjellstyret avventar svar frå Statnett med informasjon om erstatningstilbod for den delen av 420-kv-lina som går gjennom Aurland nordre statsallmenning.

Fjellstyret koplar på advokaten som det er oppretta avtale med, for å drøfta spørsmål kring erstatningstilbod, eventuell fordeling av erstatning mellom Statskog og fjellstyret, om tilboden er godt nok til å godtakast, eller om ein heller bør gå for skjønn.

Fjellstyrekontoret, den 20.11.23

Harald Skjerdal